

SFO-VEDTEKTER - MELAND KOMMUNE

1. EIGARTILHØVE

Meland kommune er eigar og ansvarleg for drifta av kommunale skulefritidsordningar.

Rektor er ansvarleg for den daglege drifta av SFO. Dersom det er tilsett eigen leiar for SFO, er rektor næraste overordna.

2. LOVVERK

SFO –drifta er pålagt i lov av 9. juni 1998 og **underlagt opplæringslova.**

SFO skal drivast i samsvar med retningslinene frå departementet og etter kommunale vedtekter. Kvar skule lagar ein årsplan som dannar grunnlaget for drifta.

3. FORMÅL

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. klassetrinn.

Skulefritidsordninga skal leggjast til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barn.

Ordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Arealet både ute og inne skal vera eigna for formålet.

4. INNMELDING / OPPTAK AV BARN

Kvar skule er ansvarleg for å sende ut innmeldingsskjema til dei barna som skal ta til i 1.klasse. Fristen for innmelding er 1.mai.

Innmeldingsskjema vert sendt attende til skulen.

Opptaket vert gjort av rektor. Tildelt plass i SFO er fast, og gjeld til den vert sagt opp. Klage på opptaket kan sendast til Meland kommune v/ Kommunalavdeling for kultur og oppvekst.

Den einkilde skule vurderer om dei kan gje tilbod til større barn, og kor mange.

Inntaket av større barn må ikkje føre til auka kostnader.

5. OPPTAKSPERIOD

Det vert to opphaldstilbod i SFO.

- a) 11 månader betaling med fri i juli mnd.
- b) 10 månader betaling med SFO tilbod som følgjer skuleruta.

Ein opptaksperiode er eitt skuleår.

6. PLASSKRITERIER (Noverande §6 går ut)

Barna skal i regelen gå i SFO i den skulekrinsen dei høyrer til. Skulefritidsordninga vert sett i gong dersom det er eit stort nok antal barn som ønskjer plass. Det må vera 6 barn påmeldt for å starte SFO-tilbod.

7. BUDSJETT

SFO får egne løns-, drifts- og tilskotspostar på kvart skulebudsjett.

8. BETALING

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret. Betalinga vert gjort forskotsvis, den 1. i kvar månad. Kvar skule kan i tillegg krevje inn matpengar.

Ved skuldig foreldrebetaling ut over 1 månad, misser ein retten til plassen i SFO, dersom det ikkje ligg føre særlege grunnar for manglande betaling.

9. OPPSEIING

Oppseiing av plass må meldast skriftleg til skulen. Oppseiingstida er 1 månad, rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Det er ikkje høve til å seie opp plassen etter 1. april. Dersom eit barn sluttar etter denne dato, må ein betale ut juni månad. Endringar i opphaldstida skal meldast skriftleg til skulen.

10. OPNINGSTIDER OG BEMANNING

Dei lokale tilhøva i kvar skulekrins avgjer dei endelege opningstidene, som skal vere i tida mellom kl. 07.30 og kl.16.30. **Det vert utarbeidd eiga SFO-rute.**

- Det er ikkje skulefritidsordning i juli månad.
- Ein kan søkje om korttid, heil eller halv plass:
- Kort-tid: 6 timar/veke
- Halv plass : 7 – 14 timar/veke
- Heil plass : 15 timar eller meir
- Det skal ikkje vere meir enn **16** barn per vaksen i SFO.
- Det skal tilsetjast dagleg leiar på skulefritidsordninga som har 20 barn eller meir.
- Ved mindre skulefritidsordningar skal ein person ha dagleg ansvar.
- Det skal avsetjast tid til å administrera skulefritidsordninga.
- Tida skal stå i forhold til tal på barn i ordninga.
- Ved tilsetjing av dagleg leiar skal relevant utdanning og erfaring
- vektleggjast.

På skulen sine ferier og fridagar vert det gjeve eit felles SFO-tilbod på **ein eller to** av skulane i kommunen. **I samsvar med SFO-ruta vil skulefritidsordningane halde stengt når personalet har kurs/planleggjingsdagar.**

11. KJØP AV TENESTER

SFO kan kjøpe tenester av lag, organisasjonar o.l. SFO har ikkje arbeidsgjevar-ansvaret for dei ein kjøper tenester av.

12. FORVALTNING

Komite for kultur og oppvekst har forvaltningsansvaret og tilsynsplikta i SFO. Samarbeidsutvalet er øvste instans ved den einskilde skule.

13. INTERNKONTROLLSYSTEMET.

I skulefritidsordninga gjeld internkontrollsystemet i Meland kommune.

14. AREALKRAV

Kvar skulefritidsordning bør ha ein base / område dei definerer som sitt.

Skulen sitt område skal kunne nyttast til SFO aktivitetar

15. BARN MED SÆRLEGE BEHOV

For barn med særlege behov, må skulen innan 10.05. søkja Kommunal-avdeling for kultur og oppvekst om ekstra timeressursar til assistent.

Det må og søkjast om å få dekkja ekstra kostnader i samband med aktivitetar utanfor dei vanlege SFO-lokala. Ankeinstans på vedtak i slike saker vert Klagenemnda i Meland kommune.

16. ENDRING AV VEDTEKTENE FOR SKULEFRITIDSORDNINGA

Kommunestyret kan gjere endringar i desse vedtektene.

(Vedteke i Meland kommunestyre 12.03.08, sak 029.)